

Generelle tiltak – formidling og forvaltning	Ansvar	Ekstra ressursar	Tidsramme / frist	Merknader
Etablere gode rutinar for sakshandsaming i kulturminnesaker, og for oppfølging av kulturminneplanen	Kulturavdelinga Plan- og næringsavdelinga	Ingen	2016	
Kartfeste og legge inn data i database (Askeladden)	Kulturavdelinga Fylkeskonservatoren/HFK	*	2016/17	Er under arbeid. Hordaland fylkeskommune har løyvt kr 30 000 til gjennomføring i 2016
Legge viktige kulturminne inn i Kulturminnesøk	Kulturavdelinga	*	2017 - 2018	Vil bli følgt opp når data er lagt inn i Askeladden
Plan for skilting og tilrettelegging av nyare tids kulturminne	Kulturavdelinga	10 000/år	2017 -	Eitt nytt skilt i året etter eiga plan (Er alt tiltak i kulturplan). Det er ikkje sett av midlar i budsjettet til gjennomføring.
Opprette kulturvernpris	Kulturavdelinga Plan- og næringsavdelinga	25 000/år	2018	Avhengig av politisk vedtak
Bruke kulturminneplanen i samband med SMIL-tildelingar	Kulturavdelinga Plan- og næringsavdelinga	Ingen	2017	SMIL-midlar går berre til landbrukseigedomar i drift. Summen kommunen har til fordeling, har gått ned.
Oppfølgjing av eigarar av viktige kulturminne – invitere til kurs, møte mm	Kultur Landbruk	*	Frå 2017	Målsetjing om å ha eitt tiltak i året *Det er mogleg å søkje støtte til kurs
Innsamling og digitalisering av stadnamn	Kulturavdelinga Frivillige	Ingen		Noko materiale er innsamla og blir formidla vidare til stadnamnarkivet v/UIB
Plan for sikring av viktige kulturminnetypar: Sjøbruksmiljø, helletak, kulturminne langs vassdrag	Kulturavdelinga Plan- og nærings	*	2017	Verkemiddel: Smil-midlar, kurs *Plan krev ikkje ekstra ressursar, men tiltaka gjer
Opprette lokal støtteordning for eigarar av verna kulturminne	Kulturavdelinga Politisk vedtak Hordaland fylkeskommune	50 000 – 100 000/år		Dersom ein oppretter ei slik ordning, vil Hordaland fylkeskommune bidra med lik sum som kommunen.

Status, mål og aktuelle tiltak innanfor ulike tema i planen

Nokre tiltak kan gå inn i den ordinære drifta/aktiviteten i kommunen. Andre kan berre gjennomførast dersom det blir sett av ekstra midlar til det. Ein del tiltak er det mogleg å få eksterne tilskott til.

«Utvalde kulturminne/kulturmiljø» viser til status i kulturminneplanen (verneplanen).

Tiltaka under kvart tema er sett opp slik:

Omtale av tiltak	Tidsramme	Ansvar/aktørar/ressursbehov
------------------	-----------	-----------------------------

Arkeologiske kulturminne

Status: Få forminne er skilta, og mykje av denne eldste historia er ukjend for innbyggjarane i Sveio. Kommunen har fått tilsegn om tilskott til to kulturminneskilt gjennom BARK-programmet i 2016/17 – til saman kr 37.500.

Mål: Sveio kommune har som mål å gjera den eldste delen av historia kjend ved å skilta viktige kulturminne og gjera dei tilgjengelege for publikum.

Tiltak:

Skilta eitt kulturminne i året med kulturminneskilt etter oppsett plan (BARK-programmet)	Årleg	Tilskot, eigeninnsats, noko eigenkapital
Kartleggje Kongevegen med GPS	2017	Samarbeid med frivillige

Landbruk og kulturlandskap

Status: Størstedelen av kulturminna i Sveio er bygningar knytt til landbruk. Ein del blir teke vare på, men eigarane har ansvar for ein stor bygningsmasse, som dei ofte ikkje har bruk for, og mykje er truga av forfall. Modernisering kan òg vera ei utfordring. Kommunen forvaltar SMIL-ordninga der ein kan gje støtte til kulturverntiltak på gardsbruk i drift. Det blei innført fritak for eigedomsskatt for kulturminne i klasse A i 2016.

Mål: Å stansa forfallet av verdifulle kulturminne (klasse A og B) knytt til landbruk, og stimulera til vern gjennom bruk.

Tiltak:

Bruke kulturminneplanen i samband med SMIL-tildelingar	Frå 2016	Samarbeid kultur/landbruk
Oppfølgjing av eigarar av viktige kulturminne – invitere til kurs, møte mm	Ein gong i året frå 2017	Samarbeid kultur/landbruk
Kurs i legging av helletak (td i samarbeid med landbruksorganisasjonane)	2017	Samarbeid kultur/landbruk

Kurs i tørrmuring (samarbeid med aktuelle organisasjoner/bygningsverntenesta e.a)		Samarbeid kultur/landbruk m.fl.
-----------------------------------------------------------------------------------	--	---------------------------------

Kulturminne langs vassdraga

Status: Vasskrafta i bekkar og elvar i Sveio blir ikkje lenger utnytta. Mange av kulturminna knytt til bruk av vassdraga er i ruinar eller i forfall. Dei fleste ligg i utmark og er i liten grad truga av utbygging.

Mål: Å sikra at dei ståande kvernhusa og (minst) ei gardssag blir bevart for ettertida. Å sikra at ruinar blir bevarte som lokalhistorisk dokumentasjon for ettertida.

Tiltak: Hjelpe eigarar av kulturminne langs vassdrag å søkja støtte til restaurering, og skilta utvalde vassdragsmiljø.

Det blei gitt SMIL-midlar til restaurering av kvernhus i 2016.

Hjelpe eigarar av kulturminne langs vassdrag til å søkja støtte til restaurering av kvernhus/sag	Frå 2016	SMIL-midlar og eksterne støtteordningar
Kulturminneskilt ved prioriterte vassdragsmiljø	Etter nærmere plan	10 – 30 000 per skilt
Bruke kulturminneplanen som grunnlag for SMIL-tildelingar	Frå 2016	Samarbeid mellom kultur- og landbruksadm.

Kulturminne knytt til bruk av sjøen

Status: Bruk av sjøen har vore ein avgjerande faktor for livsvilkåra til innbyggjarane i Sveio. Det er mange verdifulle naust og andre kulturminne langs sjøen, men få heilskaplege sjøbruksmiljø att. Utbygging har endra karakteren til mange sjøbruksmiljø. Mange einskildbygg er truga av forfall.

Mål: Å verna eit utval av sjøbruksmiljø for ettertida. Å setja eigarar av verneverdige bygg og miljø i stand til å ta vare på kulturminna. Ved utbygging i område med verdifulle kulturminne skal nybygg underordna seg eksisterande bygningsmiljø.

Tiltak: Rettling og hjelpe med søknadar om støtte. Samarbeid med frivillige organisasjoner.

Det blir arbeidd med å finansiere kjøp av Sjøhuset i Buavåg i eit samarbeid mellom Sveio kommune/Sveio gullforening/Hordaland fylkeskommune.

Råd og rettleiing til eigarar av bygningar/anlegg i dei utvalde sjøbruksmiljøa	2018 - 2019	Samarbeid kultur/bygningsverntenesta m.fl.
Sikre sjøhuset i Buavåg for ålmenta i samarbeid med Sveio gullforening*	2016 - 2017	Sveio kommune/Sveio gullforening
Kartlegging av kulturminne under vatn ved hjelp av frivillige	2020	Eigeninnsats, samarbeid med frivillige

*Det er vedtatt at Sveio kommune går inn med 1/3 av kjøpesum. Sveio gullforening gjer det same. Det blir søkt støtte frå Hordaland fylkeskommune til den siste tredjedelen.

Kulturminne knytt til sagbruk, båtbygging og bøkring

Status: Det er lite kulturminne att som kan knytast til denne verksemda. Historia er lite kjend.

Mål: Å ta vare på og gjera kjend eit utval kulturminne som dokumenterer denne sida av historia.

Tiltak: Stimulera til vern av dei 6 attverande «Ålfjordnausta». Kulturminneskilt i Selsåsvika. Vern av saga på Røykenes.

Råd og rettleiing til eigarar av Ålfjordnaust (6 attverande)	2016 - 2018	Kultur/bygningsverntenesta
Kulturminneskilt i Selsåsvika	2018	10 – 30 000

Kommunikasjon og samferdsle

Status: Ein del gamle ferdslivegar i utmark er merka og blir brukt som turstiar. Vegar som er i bruk som køyrevegar, er for det meste utvida og moderniserte.

Deler av gamle Tittelsnesvegen er intakt der vegen er lagt om og svingar retta ut. Nokre gamle kaiar er bevarte.

Mål: Å ta vare på eit representativt utval kulturminne knytt til samferdsle. Å gjera gamle ferdslivegar tilgjengelege som turvegar.

Tiltak:

Kartleggja gamle ferdslivegar ved hjelp av GPS	2016	Samarbeid med frivillige
Merka og skilta gamle ferdslivegar som turstiar etter nærmare plan (etter kartlegging)	2017 - 2018	Eigeninnsats, midlar til skilting, samarbeid med frivillige

Kyrkjer og gravplassar

Status: Kyrkjer og kapell blir jamnleg vedlikehaldne og er hovudsakleg i god stand. Dei kyrkjegardane som er i bruk, blir godt vedlikehaldne. For kyrkjegardar som ikkje lenger er i bruk, er det mindre vedlikehald. Det manglar faste ordningar for vedlikehald av dei to kolerakyrkjegardane i kommunen.

Mål: Å sikra jamnleg vedlikehald av dei gravplassane som er omfatta av kulturminneplanen.

Tiltak:

Avtale om skjøtsel av kolerakyrkjegarden i Leirvåg	2017	Avhengig av samarbeid med frivillige
----------------------------------------------------	------	--------------------------------------

Skjøtselstiltak på kolerakyrkjegarden i Brattestø, Mølstrevåg	2017 -	Avhengig av samarbeid med frivillige
Kulturminneskilt ved Sveio gamle kyrkestad/mellomalderkyrkjegard og den gamle kyrkjegarden ved Fjellstad, samt plan for skjøtsel i samarbeid med kyrkja	Skjøtsel fra 2017/18 Skilting etter nærmere plan	Behov for midlar til skilt og årlege skjøtselstiltak

Tekniske og industrielle kulturminne

Status: Det er etter måten lite spor etter slik verksamhet i Sveio. Det har likevel vore ein del gruve drift og steinbrot, og noko industriverksemd i nyare tid.

Mål: Å ta vare på eit utval kulturminne som dokumenterer denne historia. Gullhistoria på Hovda og steibroa på Tittelsnes er prioriterte område.

Tiltak:

Bidra til formidling av gullhistoria på Hovda/Buavåg	Kontinuerleg	*
Kulturminneskilt – hellebrot på Tittelsnes. Eventuelt annan formidling.	Etter nærmere plan	Skilting 10 000 – 30 000

*Sjå tiltak vedk. sjøhuset under «Kulturminne knytt til bruk av sjøen»

Tettstader, handel og offentleg verksemd

Status: I Sveio er det berre Førde som har eit historisk bygdemiljø av noko omfang. Av handelsstadene er mest bevart i Mølstrevåg og på Tjernagel.

Mange skulebygg er bevarte. Det er få verneverdige bygg knytt til offentleg administrasjon.

Mål: Sikra at utvikling i Førde skjer med omsyn til det historiske bygdemiljøet. Bevara restane av handelsstadene i Mølstrevåg og Tjernagel.

Tiltak:

Laga detaljert plan for forvaltning av kulturminne i Førde	2019	Eigeninnsats, samarbeid med td. byggdalag
Plan for sikring av handelsstadene Mølstrevåg og Tjernagel	2020	Eigeninnsats, samarbeid med eigarar

Organisasjonsliv og forsamlingshus

Status: Det er mange bedehus i kommunen, og færre av andre typar forsamlingshus. Mange av dagens forsamlingshus er nedlagde skular.

Mål: At minst eitt av bedehusa (prioritere: Mølstre og Tjernagel) blir tatt vare på i opphavleg stand. Dokumentera historia til andre forsamlingshus.

Tiltak:

Stimulera til bevaring av bedehusa på Mølstre og Tjernagel	Ved behov	Eigeninnsats, samarbeid med frivillige, eksterne midlar
------------------------------------------------------------	-----------	---------------------------------------------------------

Kulturminne knytt til segner og historier

Status: Det er registrert nokre kulturminne som hovudsakleg har sin status knytt til segner og historier. Desse er lite kjende og ikkje skilta og merka.

Mål: Gjera segner og kulturminna knytt til dei kjende for innbyggjarane.

Tiltak:

Skilting og merking av aktuelle kulturminne: Istertveit, Bruraholmen, Krokane	Istertveit 2017, andre etter nærmere plan*	Eigeninnsats, samarbeid med frivillige, skilt 10 000 – 30 000/stk
-------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------

Kommunen har fått tilsegn om kr 19.000 til kulturminneskilt på Istertveit/Brørsteinane.

På privat initiativ er det merka sti og sett opp informasjon om Smørsundkjerringa i Krokane.

Krigsminne

Status: Det er to fort frå 2. verdskrigen i Sveio. Det eine (Tittelsnes) har seinare vore brukt av forsvaret og er avhenda av Skifte eigedom. Fortet er del av Landsverneplan for forsvaret. Det andre (Nesheim) har forfalt.

Mål: Gjera historia kjend for innbyggjarane, og områda tilgjengelege.

Tiltak: Skilting og sikring.

Kulturminneskilt på Tittelsnes Fort	Etter nærmere plan	30 000
Sikring og skilting av fortet på Nesheim	Etter nærmere plan	30 000 – 50 000

Kulturminne frå etterkrigstida

Status: Dette er kort gjort greie for i kulturminneplanen, og det er peika på eit lite utval representative kulturminne. Førebels er lite av dette aktuelt å verne, men det er viktig å vera merksam på at også dette vil vera viktige kulturminne for ettertida.

Mål: Å ta vare på eit representativt utval av kulturminne frå etterkrigstida.

Tiltak: Førebels ingen. Det må vurderast om fleire kulturminne frå etterkrigstida skal vernast i samband med rullering av kulturminneplanen.